



FFI-rapport 2014/00678

Personellsatsar til bruk i langtidsplanlegginga i Forsvaret – metode for utrekning og satsar basert på rekneskaper frå 2011 til 2013



Kjetil Hove



**Personellsatsar til bruk i langtidsplanlegginga i Forsvaret
– metode for utrekning og satsar basert på rekneskapen frå
2011 til 2013**

Kjetil Hove

Forsvarets forskningsinstitutt (FFI)

27. juni 2014

FFI-rapport 2014/00678

1315

P: ISBN 978-82-464-2418-7

E: ISBN 978-82-464-2419-4

Emneord

Personellutgifter

Personellsatser

Langtidsplanlegging

Godkjend av

Steinar Gulichsen

Prosjektleder

Espen Berg-Knutsen

Forskingssjef

Espen Skjelland

Avdelingssjef

Samandrag

Summen av lønnsutgifter og personellrelatert materiell, varer og tenester (til dømes proviant, sanitetsmateriell og reiseutgifter) utgjør kvart år rundt halvparten av Forsvaret sine totale utgifter. Basert på Forsvaret sin utgifts- og årsverksrekneskap har Forsvarets forskningsinstitutt på oppdrag frå Forsvarsdepartementet i fleire år rekna ut personellsatsar til bruk i Forsvaret si langtidsplanlegging. I takt med at desse personellsatsane har kome i stadig hyppigare bruk, og at dei har kome i bruk på nye områder, er det eit behov for grundigare dokumentasjon av metode og satsar. Denne rapporten er eit bidrag til dette.

I denne rapporten har vi kopla utbetalingar frå Forsvaret sin lønsrekneskap med årsverk frå Forsvaret sin årsverksrekneskap for å lage personellsatsar til bruk i langtidsplanlegginga. Vi har fordelt årsverka etter kvar i Forsvaret dei høyrer heime (kapittel), kva type personell det er tale om (avdelingsbefal, yrkesbefal, overenskomstlønna, sivile, verva eller menige) og kor aktive avdelinga dei høyrer til under er – høg aktivitet (til dømes Brigade Nord, ulike fartøy og ulike skvadroner), låg aktivitet (til dømes krigsskulane og stab- og støttfunksjonar) eller FRIFLO (til dømes vedlikehald). Tabellen under viser personellsatsar basert på denne nedbrytinga for eit utval kapittel. Tilsette i avdelingar med høg aktivitet har i gjennomsnitt lågare grunnlønn, men høgare aktivitetsbaserte tillegg, enn tilsette i avdelingar med låg aktivitet, medan FRIFLO-personell både har lågare grunnløn og lågare tillegg. Dei store skilnadene mellom satsane er årsaka til at vi ynskjer å lage satsar med dette detaljnivået.

	Hæren (1731)			Sjøforsvaret (1732)			Luftforsvaret (1733)		
	Høg	Låg	FRIFLO	Høg	Låg	FRIFLO	Høg	Låg	FRIFLO
Befal (A)	738 000	772 000	689 000	1 008 000	812 000	843 000	691 000	638 000	612 000
Befal (Y)	939 000	947 000	810 000	1 142 000	1 029 000	1 043 000	983 000	935 000	801 000
OVK	-	-	576 000	-	-	-	-	-	649 000
Sivile	623 000	741 000	602 000	-	743 000	706 000	-	676 000	585 000
Vervede	583 000	551 000	528 000	797 000	630 000	659 000	-	548 000	490 000
Menige	161 000	161 000	161 000	191 000	191 000	191 000	157 000	157 000	157 000

I denne rapporten går vi meir i detalj gjennom korleis satsane er bygde opp og korleis dei kan brukast. Mellom anna kan eit årsverk i Luftforsvaret få utbetalingar både frå Luftforsvaret, men også til dømes frå Redningshelikoptertjenesten. Denne flyten av pengar på tvers av kapittel kallar vi kapittelvandring og er bygd inn i satsane. For langtidsplanlegging på kapitellnivå må ein justere for dette for å få eit korrekt sluttresultat. Rapporten går også gjennom korleis fordele utbetalingar som i utgangspunktet ikkje høyrer til eit årsverk, og korleis vi tek ut utgifter mellom anna knytt til internasjonale operasjonar. Meir detaljerte personellsatsar er viste i kapittel 9 og tilhøyrande vedlegg.

English summary

The sum of wage costs and personnel related goods and services constitutes about half of the total Norwegian defence costs. Based on cost- and man-year accounts, the Norwegian Defence Research Establishment has over several years calculated average personnel unit costs for use in defence long term planning. The use of these unit costs have over the last few years become more and more widespread, leading to a greater need for them to be thoroughly documented. This report is a contribution to this need.

In this report, we calculate personnel costs for personnel categories (non-commissioned (NC) officers, commissioned (C) officers, contract salary personnel (CSP), civilians and enlisted personnel), detailed on defence branch and activity level – "high" for active units, "low" for less active units, management and support, and "FRIFLO" for certain support and maintenance units. This gives detailed unit costs for personnel with different characteristics. High activity units typically have a lower base wage than low activity units, but higher activity based wages, whereas FRIFLO units have both a lower base wage and lower activity based wages. The table below gives the costs for combinations of personnel category, activity level and some defence branches. The variation in costs underlines why we make the distinction between activity levels and personnel categories.

	Army (1731)			Navy (1732)			Air Force (1733)		
	High	Low	FRIFLO	High	Low	FRIFLO	High	Low	FRIFLO
Off. (NC)	738 000	772 000	689 000	1 008 000	812 000	843 000	691 000	638 000	612 000
Off. (C)	939 000	947 000	810 000	1 142 000	1 029 000	1 043 000	983 000	935 000	801 000
CSP	-	-	576 000	-	-	-	-	-	649 000
Civilians	623 000	741 000	602 000	-	743 000	706 000	-	676 000	585 000
Enlisted	583 000	551 000	528 000	797 000	630 000	659 000	-	548 000	490 000
Conscripts	161 000	161 000	161 000	191 000	191 000	191 000	157 000	157 000	157 000

This report contains a detailed description of how the unit costs are calculated and how they are used. For example, Air Force employees can receive payments from the Air Force as well as from the search and rescue helicopter branch. This flow of money across military branches, called chapter migration, is included in the unit costs in the table above. If one does long term defence branch planning, one has to adjust for this. This report shows how this is done. The report also describes how we deal with money that cannot be attributed to man-years, and how we remove costs originating from international operations. More detailed unit costs can be found in chapter 9 and in relevant appendices.

Innhald

1	Innleiing	7
1.1	Bakgrunn og formål	7
1.2	Innhald i rapporten	7
2	Metode og definisjonar	8
2.1	Kva er eigentleg ein personellsats?	8
2.2	Samansetninga av lønnsutgifter i Forsvaret	10
2.3	Metodar for å rekne lønnsutgifter per årsverk	10
2.4	Oppbygging og aktivitetsjustering av personellsatsen	16
2.5	Kroneverdiar	18
3	Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplast til årsverk (EFT)	18
4	Kapittelvandring	22
4.1	Kva er kapittelvandring?	22
4.2	Kva har kapittelvandring å seie for utgifta per årsverk?	23
4.3	Konsekvensar av kapittelvandring	24
5	Fjerning av kapitla 1070 og 1792 frå utrekningane	26
5.1	Korleis ta ut kapittel 1070 og 1792 på korrekt måte	26
5.2	Konsekvensar av å ta ut kapittel 1070 og 1792	27
6	Personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT)	31
7	Vernepliktige og ikkje-rapporterte årsverk	34
7.1	Vernepliktige (VPL)	34
7.1.1	Vernepliktige årsverk	34
7.2	Ikkje-rapporterte årsverk (IRÅ)	35
8	Når bør ein nytte kva type personellsatsar?	36
9	Personellsatsar basert på rekneskapen for 2011–2013	41
10	Oppsummering og vidare arbeid	43
10.1	Oppsummering	43
10.2	Vidare arbeid	45

	Referansar	47
Vedlegg A	Oversikt over kapittel og objekt	48
Vedlegg B	Figurar med personellsatsar fordelt på personellkategori, kapittel og aktivitetsnivå	49
Vedlegg C	Detaljerte personellsatsar per kapittel og personellkategori	56
Vedlegg D	Kopling av bevilgningsstader mot intensitetsnivå	63
Vedlegg E	Bevilgningsartar i Forsvaret sin driftsrekneskap	67
Vedlegg F	Kapittelvandringsmatriser	68
F.1	Kapittelvandringsmatriser for krigs- og stabsskule	68
F.2	Kapittelvandringsmatriser for avdelingar med høg intensitet	69
F.3	Kapittelvandringsmatriser for avdelingar med låg intensitet	71
F.4	Kapittelvandringsmatriser for RSF- og FRIFLO-avdelingar	73
Vedlegg G	P-MVT per kapittel og personellkategori	75
Vedlegg H	Kopling av lønnartar mot lønnstype	80
Vedlegg I	Kopling av medarbeiderundergruppe mot personellkategori	90
I.1	Medarbeidargrupper utanfor årsverksrapporten	90
Vedlegg J	Grundigare gjennomgang av korleis ta ut kapittel 1070 og 1792 på korrekt måte	92

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål

Utgifter til personell utgjer ein sentral del av Forsvaret sine totale utgifter. Kring 40 prosent av Forsvaret sine utgifter går til lønn, medan kring halvparten av dei totale utgiftene er direkte drivne av personell. Desse utgiftene inkluderer, i tillegg til lønn, mellom anna ammunisjon, proviant, sanitetsmateriell, kontorutstyr, reiser og flytteutgifter. Med tanke på kor stor del av Forsvaret sine utgifter som dermed består av personellrelaterte utgifter, er det særskilt viktig å ha eit godt grunnlag for å rekne på utgifter for ein framtidig personellstruktur. Til dette formålet vert det kvart år rekna ut nye personellsatsar basert på utgifts- og årsverksrekneskapen for tidlegare år. Ein personellsats består av lønnsutgifter og ein del personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT). Å ha gode analyser av lønnsutgiftene har lenge vore eit viktig og prioritert område for Forsvaret, Forsvarsdepartementet (FD) og Forsvarets forskningsinstitutt (FFI). Gjennom prosjekta Kosteffektiv drift av Forsvaret (KOSTER) og Strategiske kostnadsanalysar (STRATKOST), har FFI over mange år gjort eigne analyser og bidrege med data og analysestøtte til Forsvaret og FD, mellom anna gjennom Steder et al. (2008) og Hove (2013a).

Fordi personellsatsane er i stadig meir hyppig bruk i Forsvaret, er det behov for ein grundigare dokumentasjon av korleis utrekningane vert gjort, korleis ein kan nytte satsane, og av kva type justeringar som vert gjort ved utrekningane. Formålet med denne rapporten er å dekke dette behovet ved å dokumentere metoden så langt den har kome i dag, samt å presentere nye personellsatsar. Arbeidet med denne rapporten er utført gjennom STRATKOST-prosjektet, der å utarbeide kostnadsanalysar til støtte for plan- og styringsprosessen på strategisk nivå i forsvarssektoren er kjernefunksjonen til prosjektet. Med tanke på kor stor del av Forsvaret sine totale utgifter som er personellrelaterte, er gode personellsatsar ein absolutt føresetnad for å kunne gjennomføre gode kostnadsanalysar.

1.2 Innhald i rapporten

Kapittel 2 går gjennom sentrale delar av metoden for utrekning og viktige definisjonar. Her vert det definert kva ein personellsats eigentleg er, korleis samansetninga av lønnsutgifter i Forsvaret er, to ulike metodar for å rekne lønnsutgifter per årsverk, korleis personellsatsen kan aktivitetsjusterast, samt kort om kroneverdijustering. Vidare finst det i rekneskapen ein del lønnsutgifter som ikkje kan knyttast direkte til årsverk, såkalla *etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant mot årsverk* (EFT). Korleis desse utgiftene vert bygd inn i dei endelege personellsatsane vert gjennomgått i kapittel 3. EFT-påslaget utgjer totalt 130 millionar kroner (om lag det same som det kostar å drifte C-130-materiellet) per år. For å kunne nytte personellsatsane rett, er ein avhengig av å forstå konseptet *kapittelvandring*. Kapittelvandring skjer når utbetalingar ”vandar” frå eit kapittel til eit årsverk under eit anna kapittel, til dømes at ei utbetaling går frå eit felleskapittel til eit årsverk i Hæren i samband med fellesoperative øvingar. Vi går gjennom kapittelvandring og kva det betyr for personellsatsane i kapittel 4. Dersom ein ikkje tek omsyn til kapittelvandring, kan ein til dømes kome til å feilestimere dei årlege personellutgiftene i Hæren med 50 millionar kroner.

Personellsatsane som er dokumenterte i denne rapporten har som formål å vere gyldige for ein fredstidsstruktur for Forsvaret sine kapittel (sjå vedlegg A for ei oversikt over Forsvaret sine kapittel). Forsvaret har også, i samband med drift på Jan Mayen, posteringsfullmakt på Fiskeri- og kystdepartementet¹ sitt kapittel 1070. Dette kapittelet tek vi med andre ord ut frå utrekningane av personellsatsar for Forsvaret. Forsvaret sitt kapittel for norske styrker i utlandet, kapittel 1792, må også takast ut av utrekningane når vi reknar utgifter for ein fredstidsstruktur. Implikasjonane av desse endringane for personellsatsane vert gjennomgått i detalj i kapittel 5, der vi viser at ein feilestimerer Forsvaret sine totale utgifter dersom ein ikkje tek omsyn til kapittelvandring til kapittel 1070 og 1792. I tillegg til lønnsutgifter, er som sagt ein del andre utgifter rekna som drivne av personell. Desse P-MVT-utgiftene vert gjennomgått i kapittel 6. I kapittel 7 gjennomgår vi utgifter til ein del personelltypar som ikkje har årsverk i vanleg forstand. Desse inkluderer vernepliktige og ikkje-rapporterte årsverk. Sistnemnde kategori inkluderer mellom anna lærlingar, tilsette på pensjonistvilkår og utgifter til avgangsstimulerande tiltak. Kapittel 8 går gjennom når ein bør nytte kva type personellsatsar, kapittel 9 oppsummerer satsar basert på rekneskapen for 2011 til 2013 og kapittel 10 oppsummerer rapporten og skisserer vidare arbeid.

Målgruppa for denne rapporten er tilsette i Forsvaret, Forsvarsdepartementet (FD), Forsvarsstaben (FST) og ved Forsvarets forskningsinstitutt (FFI) som er involvert i økonomi og styring, langtidsplanlegging eller i personellanalyser der utgifter inngår. Alle kapitla er relevante for alle målgrupper. For dei som skal nytte satsane i kapittel 9 er det spesielt viktig å ha ei forståing av konseptet kapittelvandring, gjennomgått i kapittel 4.

2 Metode og definisjonar


Dette kapittelet går gjennom viktige metodar og definisjonar. Vi avklarar kva ein personellsats eigentleg er (kapittel 2.1), går gjennom samansetninga av personellutgifter i Forsvaret (kapittel 2.2), gjennomgår ulike metodar for å rekne lønnskostnader per årsverk (kapittel 2.3), forklarar korleis den endelege personellsatsen er bygd opp og korleis den vert aktivitetsjustert (kapittel 2.4), og vi forklarar oppjustering av kroneverdiar til 2014-kroner (kapittel 2.5).

2.1 Kva er eigentleg ein personellsats?

I denne rapporten er ein personellsats definert som følgjer:

Ein personellsats viser kva det kostar Forsvaret å halde eit gjennomsnittleg årsverk tilsett i ein gitt personellkategori, i ei avdeling med eit gitt aktivitetsnivå, og under eit gitt kapittel. Satsen skal reflektere utgifter til lønn, fordelt på grunnlønn pluss arbeidsgjevaravgift, faste tillegg og variable tillegg, eit påslag for å dekke etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant mot årsverk (EFT), og eit tillegg for personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT).

¹Namn i perioden 2011–2013.



Figur 2.1 Samansetting av personellsatsane. Alle satsar er sett saman av lønnsutgifter og ein prosentdel av materiell, varer og tenester som vi legg til grunn er drive av talet på personell. Lønnsutgiftene er igjen delt inn i grunnlønn pluss arbeidsgjevaravgift, faste tillegg og variable tillegg. Til slutt vert det gjort eit påslag for etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant mot årsverk (EFT), som er lønnsutgifter som ikkje direkte kan knyttast til årsverk.

Vi kan illustrere dette som i figur 2.1 (og meir inngåande i kapittel 2.4). I Forsvaret sin rekneskap er alle utgiftene fordelte på bevilgningsarter.² Tabell E.1 (side 67) viser ei liste over dei ulike bevilgningsartane i Forsvaret. Lønnsutgifter ligg under dei artane som startar med 1011, medan materiell, varer og tenester ligg under 1012-artane. Alle utgifter under 1011-artane går inn i utrekninga av personellsatsar, medan kun den delen av 1012-artane som er rekna som lineært avhengige av talet på årsverk er inkluderte i P-MVT-satsen (sjå kapittel 6 for ein meir inngåande gjennomgang). Delen som er definert som er avhengig av talet på årsverk varierer frå null prosent av 10121 (varig materiell) og 10127-29 (vedlikehald, eigedom, bygg og anlegg) til praktisk talt hundre prosent av 10123 (reiseutgifter, kurs, med meir). Grunnlønn pluss arbeidsgjevaravgift, faste tillegg og variable tillegg vert gjennomgått seinare i dette kapittelet. EFT vert nemnt i dette kapittelet, men gjennomgått meir i detalj i kapittel 3. P-MVT vert gjennomgått i kapittel 6. Sidan vi reknar på kva det kostar

²Vi nyttar bokmålsordet "bevilgningsart" framfor det meir nynorske "løyveart" fordi førstnemnde er eit innarbeidd omgrep i Forsvaret.

Forsvaret å ha eit gjennomsnittsårsverk tilsett, er avsetjingar til pensjon hos Statens pensjonskasse (SPK) ikkje inkludert i satsane, då dette ikkje er kostnader som treff *Forsvaret*.

Det er verd å legge merke til at personellsatsen strengt tatt er ei gjennomsnittsutgift, ikkje ei marginalutgift. Medan gjennomsnittsutgifta seier noko om kva det kostar *Forsvaret* å ha eit gjennomsnittleg årsverk tilsett, seier marginalutgifta noko om kva det kostar å tilsetje eitt årsverk til. For å studere effekter av endringar i personellstruktur, bør ein optimalt sett ha informasjon om marginalutgifta per årsverk. Dette vil derimot krevje langt meir detaljerte data og ei konkret analyse i kvart tilfelle, fordi den faktiske marginalutgifta vil avhenge av kva type årsverk som skal tilsetjast. Når ein ser overordna på strukturen, det vere seg for *Forsvaret* totalt eller einskilde kapittel, vil gjennomsnittsutgifta vere ei grei og kostnadseffektiv tilnærming.

2.2 Samansetninga av lønnsutgifter i *Forsvaret*

Forsvaret nyttar kvart år rundt 13 milliardar kroner på utgifter til lønn. Rundt 88 prosent av dette går til å betale avdelingsbefal, yrkesbefal, utdanningsbefal (kadettar) overenskomstlønne, sivile og verva (som vi heretter vil omtale som Befal (A), Befal (Y), Befal (U), OVK, Sivile og Vervede). Vidare går seks prosent til å betale vernepliktige, fire prosent til å betale ikke-rapporterte årsverk (IRÅ), som inkluderer lærlingar, tilsette på pensjonistvilkår og personell på avgangsstimulerande tiltak (AST), medan dei siste to prosentane går til å betale HV- og repetisjonsøvingar (HVrep). Det er kva medarbeidarundergruppe (MUG) som er knytt til kvar enkelt utbetaling som avgjer kva gruppe utbetalinga hamnar i. Figur 2.2 gjer eit visuelt bilete over kvar pengane går. Dei ulike MUG-ane som ligg under kvar type er lista opp i figuren og i vedlegg I.


I resten av dette kapitlet og i dei neste kapitla vil vi konsentrere oss om dei 88 prosent av lønnsutgiftene som går til å betale dei offisielle årsverka. Dei resterande 12 prosentane kjem vi tilbake til i kapittel 7.

2.3 Metodar for å rekne lønnsutgifter per årsverk

Vi skil i hovudsak mellom to ulike metodar å fordele lønnsutgifter etter, i tillegg til ein blandingsmetode. Dei to hovudmetodane er forklarte under, før vi gjer eit enkelt døme på korleis satsane vert rekna ut. I kapittel 4.2 viser vi eit meir detaljert døme på satsar per kapittel. Dei to metodane er:

Krysskoplingsmetoden, der kvart enkelt årsverk i årsverksrapporten vert knytt til utbetalingar i lønnsrapporten. Eit døme på dette er vist i figur 2.3.³ Summen av eventuelle utbetalingar som ikkje kan knyttast til årsverk, som er det vi kallar etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplast mot årsverk (EFT), vert lagt til i form av eit likt prosentvis tillegg til alle personellsatsar for at totalsummen ved bruk av metoden skal verte lik totalsummen frå rekneskapan, sjå kapittel 3. Krysskoplingsmetoden måler kva eit gjennomsnittleg årsverk under eit gitt kapittel kostar *Forsvaret*, ikkje kva årsverket kostar det einskilde kapittel (denne såkalla

³Alle data som inngår i utrekningane i denne rapporten er anonymiserte, slik at det ikkje er mogeleg å identifisere einskilde personar i datasettet.



Figur 2.2 *Fordeling av lønnsutgifter i Forsvaret. Arealet til boksen illustrerer total lønnsmasse i Forsvaret. Kvart punkt på den vassrette aksa kan lesast som ein kapittel-personellkategori-kombinasjon. Lønnsutgifter kan delast inn i fire ulike typar, sjå boksane under figuren. Dei fire typane er offisielle årsverk, vernepliktige (VPL), ikkje-rapporterte årsverk (IRÅ) og HV- og repetisjonsøvingar (HVrep). Kva medarbeidarundergruppe (MUG) utbetalinga er registrert med i lønnsrapporten avgjer kva type den ligg under. Rundt 88 prosent av utbetalingane går til offisielle årsverk (det mørkeblå, lyseblå og grå området), rundt 6 prosent går til VPL, 4 prosent til IRÅ og dei siste to prosentane til HVrep. For desse tre siste typane personell kjem alle utbetalingane til det enkelte årsverk frå heimekapittelet. Det aller meste, kring 95 prosent, av utbetalingane til dei offisielle årsverka kjem også frå heimekapittelet (symbolisert ved det mørkeblå arealet), medan fire prosent, det lyseblå arealet, kjem frå andre kapittel (kapittelvandring). Omfanget av denne kapittelvandringa er ulik frå kapittel til kapittel, og frå personellkategori til personellkategori. Dette er illustrert ved at kvar loddrette søyle, som symboliserer ein kombinasjon av personellkategori, kapittel og aktivitetsnivå, har ein ulik samansetnad av mørkeblått og lyseblått areal. Til sist vert etterbetaling av feriepenger og tillegg som ikkje kan kopløst mot årsverk (EFT), som er utbetalingar som ikkje kan knyttast direkte til eit årsverk, lagt til som eit tillegg på toppen. EFT utgjør kring 1 prosent.*

kapittelvandringa kjem vi tilbake til i kapittel 4). Metoden gjer at vi kan lage solide satsar for årsverk fordelt på til dømes på kapittel og personellkategori, eller på driftseining i Forsvaret (DIF) og stillingskode. Metoden er robust også for små datasett (til dømes kan vi svare på spørsmålet ”kva kostar eit gjennomsnittleg årsverk ved 332 skvadron?”). Krysskoplingsmetoden er metoden som vert nytta for å lage personellsatsane i denne rapporten.

Divisjonsmetoden, som består i å dele totale utgifter i lønnsrapporten per kapittel med totalt tal på årsverk i årsverksrapporten per kapittel. Dette er ein svært enkel metode, som ikkje tek omsyn til at årsverk ikkje berre trekk utgifter frå eige kapittel, men også frå andre kapittel (kapittelvandring). For Forsvaret totalt gjer krysskoplingsmetoden og divisjonsmetoden same resultat, medan det kan vere til dels store ulikskapar på kapitteinivå. Dette skuldast kapittelvandring, som vi kjem tilbake til i kapittel 4. Til dømes vil utgifter Luftforsvaret (kapittel 1733) har til å betale personell som er registrert som 1791-årsverk (årsverket høyrer til Kystvakten) ved divisjonsmetoden verte fordelt på dei årsverka Luftforsvaret har, slik at Luftforsvaret si gjennomsnittlege utgift per årsverk vert høgare enn ved krysskoplingsmetoden. Jo meir detaljert vi vil ha utgiftene spesifisert (til dømes for å svare på spørsmålet ”kva kostar eit avdelingsbefal i Sjøforsvaret?”), jo mindre påliteleg vert resultatata frå denne metoden. Årsaka til dette er at vi deler den totale lønnsmassen på summen av årsverk, utan på nokon annan måte å knytte dei mot kvarandre. Vi har med andre ord ingen informasjon om ei utbetaling som er koda i rekneskapen som utbetalt frå ei Luftforsvarsavdeling i ein gitt månad faktisk kan knytt til eit Luftforsvarsavdeling-årsverk i same månad (medarbeidaren kan til dømes vere tilsett i Kystvakten).

Figur 2.3 kan tene som eit enkelt døme på korleis satsane vert rekna ut. Satsane vert oppsummerte i tabell 2.1. Vi har i figur 2.3 to medarbeidarar, 1 og 2. Frå mai til juni har medarbeidar 1 totalt utbetalt 280 000 kroner og har utført 0,417 årsverk (fem månadsverk dividert med tolv moglege). Av dei 280 000 utbetalte kronene kan 210 000 kroner knyttast direkte til utførte årsverk, medan 70 000 kroner (utbetalingane i juni) ikkje kan knyttast til årsverk, og vert klassifisert som EFT. Vi overser EFT i dette enkle dømet, men kjem tilbake til dei i eit utvida døme i kapittel 3. Av dei 0,417 årsverka kan 0,333 årsverk (fire månadsverk) knyttast til utbetalingar, medan 0,083 årsverk ikkje kan det (månadsverket i mai). Gjennomsnittsutgifta per årsverk vert såleis $210\,000 \text{ kr} / 0,333 \text{ årsverk} = 630\,000$ kroner per årsverk. Ved divisjonsmetoden tek ein totale utbetalingar under kapittel 1731 (225 000 kroner) og dividerer med totalt tal på årsverk under kapittel 1731 (0,417), og får eit gjennomsnitt på 540 000 kroner. Utgiftene som går frå kapittel 1720 i figur 2.3 inngår i den snittsatsen som vert rekna ut for kapittel 1720, sjølv om ein del av pengane går til årsverk under andre kapittel. Basert på krysskoplings- og divisjonsmetoden kan vi tenke oss ein tredje metode, som er ei blanding av dei to nemnde metodane. Her delar vi summen av utbetalingar som kan koplast til årsverk med det talet på årsverk som kan koplast til utbetalingar, før vi justerer for EFT. Vi kjem kort tilbake til denne siste metoden, som vi her kallar **kopla løndata**, i kapittel 4, der vi diskuterer kapittelvandring. Figur 2.4 viser ei skisse over dei tre måtane å rekne utgifter på.

Lønnsrapport (SAP)								
Medarbeidar	Personellkategori	Kapittel	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun
1	Befal (Y)	1731	40 000	40 000	5 000			
1	Befal (Y)	1720	10 000	15 000				
1	Sivile	1731			40 000	40 000		60 000
1	Sivile	1720			15 000	5 000		10 000
2	Befal (Y)	1720	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000

+

Årsverksrapport (SAP)								
Medarbeidar	Personellkategori	Kapittel	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun
1	Befal (Y)	1731	1,00	1,00	0	0	0	0
1	Sivile	1731	0	0	1,00	1,00	1,00	0
2	Befal (Y)	1720	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00

Krysskoplra rapport (utrekna)						
Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	
50 000	55 000	0	0	0	0	0
0	0	60 000	45 000	0	0	0
35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000

=


Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan knyttast til årsverk (EFT):	0	0	0	0	0	0	70 000
---	---	---	---	---	---	---	--------

Figur 2.3 Illustrasjon av krysskoplingsmetoden (fiktivt eksempel). Frå lønns- og årsverksrapportane i SAP hentar ein mellom anna data for kvar medarbeidar sitt unike nummer, personellkategori og kva kapittel dei har fått lønn frå og har årsverket sitt hos. Vi ser av årsverksrapporten (tabell nede til venstre) at medarbeidar 1 i januar og februar har vore heiltidstilsett som yrkesbefal i Hæren (kapittel 1731), medan han frå mars til april har gått over til å vere sivilt tilsett. Personen sluttar frå juni og har då ikkje årsverk registrert etter det. I januar og februar får personen størsteparten av utbetalingane sine frå Hæren, men får også ein del pengar frå Felles ledelse og kommandoapparat (kapittel 1720). Dette kan til dømes vere betaling for deltaking under fellesoperative øvingar. Frå mars held mønsteret fram, berre at vedkomande no får pengane utbetalt som sivil. Ein liten del vert også utbetalt som yrkesbefal i mars. I mai har medarbeidaren ikkje fått utbetalt pengar, medan vedkomande i juni, etter å ha slutta, får utbetalt 70 000 kroner. Dette kan vere etterbetaling av til dømes feriepengar basert på inntekt frå året før. For kvar månad vert summen av alle utbetalingar plassert under det kapittelet der personen har årsverket sitt og under den personellkategorien personen er registrert i årsverksrapporten (sjå tabellen til høgre). Det vil seie at alle utbetalingane frå kapittel 1720 også vert klassifisert som ei utgift for eit 1731-årsverk. Dette fordi summen av alle utbetalingane, uavhengig av kapittel, er det 1731-årsverket faktisk kostar Forsvaret. Denne flyten av pengar på tvers av kapittel vert omtalt som kapittelvandring. Dei 70 000 kronene personen fekk utbetalt i juni har som sagt ikkje noko årsverk å kople seg til. Vi veit til dømes ikkje kva personellkategori desse høyrer til under (sjølv om til dømes feriepengar er utbetalt under ein personellkategorien, er det ikkje sikkert alle vart tent opp under denne personellkategorien). Desse pengane vert difor plassert i potten for såkalla etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplast mot årsverk (EFT). Denne potten vil seinare verte fordelt med ein fast prosentsats på alle årsverk avhengig av kor stor del av totale lønnsutbetalingar den utgjer. Medarbeidar 2 har arbeidd for kapittel 1720 heile tida, og kun fått utbetalingar derfrå.

Kapittel 1731	Krysskoplingsmetoden	Divisjonsmetoden	Kopla løndata
Utbetalinger	kr 210 000	kr 225 000	kr 165 000
Årsverk	0,333	0,417	0,333
Gjennomsnitt per årsverk, før påslag EFT	kr 630 000	kr 540 000	kr 495 000

Kapittel 1720	Krysskoplingsmetoden	Divisjonsmetoden	Kopla løndata
Utbetalinger	kr 210 000	kr 265 000	kr 255 000
Årsverk	0,500	0,500	0,500
Gjennomsnitt per årsverk, før påslag EFT	kr 420 000	kr 530 000	kr 510 000


Tabell 2.1 Enkelt døme på krysskoplingsmetoden og divisjonsmetoden for kapittel 1731 og 1720, basert på figur 2.3. Kapittel 1731: Av dei 280 000 kronene medarbeidar 1 får utbetalt, kan 210 000 kroner knyttast til årsverk. Gitt at medarbeidaren har utført 0,333 årsverk som kan knyttast til utbetalinger (januar til april), gjer dette eit gjennomsnitt per årsverk på 630 000 kroner per årsverk. I den tredje kolonnen er divisjonsmetoden oppsummert. Av dei 280 000 kronene medarbeidar 1 får utbetalt, er 225 000 kroner utbetalt til kapittel 1731. Medarbeidar nummer 2 får ingen utbetalinger frå kapittel 1731. Det er totalt registrert 0,471 årsverk under kapittel 1731 (divisjonsmetoden tek med alle årsverk, også dei som ikkje har utbetalinger knytt til seg), som gjer ei snittutgift per årsverk på 540 000 kroner. I den siste kolonnen fordeler vi summen av utbetalinger frå kapittel 1731 som kan knyttast til årsverk, det vil for medarbeidar 1 seie summen frå januar til april, 165 000 kroner. Desse fordeler vi på dei same 0,333 1731-årsverka som ved krysskoplingsmetoden, som gjer eit snitt på 495 000 kroner. Kapittel 1720: Dei 210 000 kronene medarbeidar 2 får utbetalt kjem alle frå kapittel 1720. Medarbeidar 1 har ingen årsverk under kapittel 1720. Summen i kolonne to vert difor 210 000 kroner. Medarbeidar 2 arbeidar eit halvt årsverk, det vil seie ei gjennomsnittsutgift på 420 000 kroner. Ved divisjonsmetoden tek vi dei totale utbetalingane under kapittel 1720, uavhengig av kven dei går til, og dividerer med totalt tal på årsverk under kapittel 1720. Dette gjer ei høgare snittutgift enn ved krysskoplingsmetoden, fordi også medarbeidar 1 har utbetalinger under kapittel 1720, trass i at vedkomande ikkje har årsverk der. I den fjerde kolonnen er alle utbetalinger frå kapittel 1720 som kan knyttast til årsverk (uavhengig av kva kapittel), det vil seie alle utbetalinger frå kapittel 1720 frå begge medarbeidarar i månader dei har registrert årsverk, dividert med talet på årsverk under kapittel 1720 som kan knyttast til utbetalinger (uavhengig av kapittel). Kolonne fire syner såleis det same som kolonne to, berre justert for kapittelvandring. EFT-tillegget vil sørge for at summen av totale utbetalinger (linjene for utbetalinger i tabellen under, pluss EFT) vert den same for Forsvaret totalt uavhengig av metode.



Figur 2.4 Skisse over samanhengen mellom dei tre metodane å rekne lønnsutgifter per årsverk på. Øvst ser vi utbetalingar relatert til kapittel 1733. Dei to blå boksane viser utbetalingar som går frå kapittel 1733 til personar under kapittel 1733, både dei som kan knytast til årsverk og dei som ikkje kan knytast til årsverk (EFT). Dei to grønne boksane viser utbetalingar frå andre kapittel til personar under kapittel 1733, til dømes utbetalingar for deltaking på øvingar. Til saman utgjer dei grønne og dei blå boksane alle utbetalingar som går til personell under kapittel 1733. Dei to lilla boksane er utbetalingar frå kapittel 1733 til medarbeidarar under andre kapittel, altså motsett av dei grønne boksane. Dei blå og dei lilla boksane utgjer summen til kapittel 1733 i lønsrekneskapen. Under ser vi talet på årsverk under kapittel 1733 som faktisk har fått utbetalingar og talet på årsverk som ikkje er registrert med utbetalingar. I krysskoplingsmetoden vert alle utbetalingar til 1733-årsverk (mørkeblå og mørkegrøn boks) fordelt på talet på årsverk som kan knytast til utbetalingar. I tillegg vert det lagt til ein del av EFT, både av dei tre boksane frå øvst i figuren, men også av EFT under andre kapittel (den stipla boksen). EFT vert lagt til som ein prosentsats for alle kapittel, uavhengig av kor stor den faktisk er for det einskilde kapittel. Ved bruk av divisjonsmetoden ser vi at vi tek heile lønsrekneskapen og dividerer med heile årsverksrekneskapen, uavhengig av om det er kopling mellom utbetalingar eller ikkje. I kopla løndata ser vi at vi tek alle utbetalingar frå kapittel 1733 som faktisk kan koplast til årsverk (uavhengig av om desse utbetalingane høyrer til kapittel personell under kapittel 1733) og dividerer med totalt tal på årsverk under kapittel 1733, før ein legg til ein del av EFT på same måte som i krysskoplingsmetoden.

2.4 Oppbygging og aktivitetsjustering av personellsatsen

Figur 2.5 viser korleis den endelege satsen er bygd opp for offisielle årsverk i Forsvaret totalt. Personellsatsen for eit gjennomsnittleg årsverk i Forsvaret ligg reelt på knapt 820 000 kroner. Av dette skuldast grunnlønn og arbeidsgjevaravgift (dei blå søylene) rundt 530 000 kroner. Vidare skuldast faste tillegg, som er alle tillegg som ikkje er direkte avhengige av aktivitets- eller øvingsnivå (dei grønne søylene), 90 000 kroner, variable aktivitetsbaserte tillegg (dei lilla søylene, som stort sett består av øving) står for 70 000 kroner, delen av EFT (den knapt synlege gule søyla) utgjer knapt 10 000 kroner, medan P-MVT utgjer nær 120 000 kroner.



Figur 2.5 Oversikt over personellsatsar for Forsvaret totalt. Gjennomsnitt for alle personellkategoriar. "Gjennomsnitt" er satsen for snittet av alle årsverk, medan dei tre siste er klassifisert etter kva type avdeling årsverket høyrer heime under. Dei tre er høg aktivitet (mellom anna dei fleste skvadroner og brigaden), låg aktivitet (mellom anna bakkeoperative skvadroner og alle stabar) og RSF og FRIFLO (mellom anna kjøkkentenester og vedlikehold). Personellsatsen er bygd opp av regulativlønn pluss arbeidsgjevaravgift (mørkeblå søyler), faste tillegg (grønne søyler), variable tillegg (lilla søyler), ein andel offisielle, ikkje-rapporterte årsverk (gule søyler) og P-MVT (lysegrå søyler). Utrekna aktivitet og aktivitetsambisjon er vist langs høgre akse, (h.a.) = høgre akse.

Grunnlønn, arbeidsgjevaravgift og dei ulike typane tillegg er i figuren delte inn i sju lønnstypar, avhengig av kva lønnart utbetalinga er registrert med i lønnsrapporten:

- Regulativlønn (grunnlønn)
- Overtid
- Risiko- og utlandstillegg, som til dømes *misjonstillegg*, *risikotillegg*, *ulempetillegg* og *utenlandstillegg*
- Variable aktivitetsbaserte tillegg, som kan vere *fartøyteneste*, *mønstring*, *økonomisk kompensasjon* (opparbeidd arbeidstid som vert utbetalt som lønn i staden for å verte avspasert), *øving utanfor oppsett arbeidstid* og *øving i oppsett arbeidstid*
- Faste aktivitetsbaserte tillegg, som til dømes lønnsutbetalingar knytt til *beredskap*, *heimevakt*, *sjøtenestetillegg*, *tokt*, *vakt i arbeidstid* og *vakt utenfor arbeidstid*


- Andre tillegg, som er totale utbetalingar uten arbeidsgjevaravgift (all lønn utanom arbeidsgjevaravgift), minus dei fem lønnstypene over
- Arbeidsgjevaravgift

For ei fullstendig oversikt over kva lønnartar som høyrer til kva lønnstype, sjå vedlegg H. Når vi lagar personellsatsar til bruk i langtidsplanlegginga er det ikkje nødvendig med meir enn ei inndeling i grunnlønn pluss arbeidsgjevaravgift, faste tillegg og variable tillegg. Oppsummeringstabellane som føl av personellsatsane i kapittel 9 vil difor verte presenterte med desse tre samlekategoriane for lønnsutgifter.

Dei siste elementa i figur 2.5, dei kvite indikatorane på kvar søyle, relaterer seg til aktivitetsnivå. Aktivitetsnivået vert rekna ut ved å dele det variable aktivitetsbaserte tillegget med ein sats som er avhengig av gjennomsnittleg grunnlønn (slik det er i praksis).⁴ Sidan satsen er avhengig av grunnlønn, vil eit kapittel som har ei gjennomsnittleg grunnlønn på 400 000 kroner og eit variabelt aktivitetstillegg på 100 000 kroner kome ut med eit høgare øvingsnivå enn eit kapittel som har grunnlønn på 600 000 kroner og variabelt aktivitetsnivå på 100 000 kroner, fordi dei førstnemnde faktisk har øva meir. Aktivitetsindikatoren er med andre ord berre ein generisk indikator for aktivitet og ikkje meint for å finne det faktiske talet på aktivitetsdøgn.

For planleggingsformål vil vi ha mogelegheit til å justere aktivitetsnivået framover i tid. Dersom dagens aktivitetsnivå til dømes er 10 einingar (basert på satsen i førre avsnitt), og det er ambisjonen at ein i framtida skal øve 12, vil dette medføre ein auke i personellsatsen. I figur 2.6 har vi auka ambisjonsnivået for aktivitet med 20 prosent. Den lilla søyla er no høgare enn i figur 2.5, fordi ”Ambisjonsjustering” har auka med tjue prosent, med tillegg for ekstra arbeidsgjevaravgift. I tillegg ser vi at ambisjonsnivået no ligg over den utrekna ambisjonen. I personellsatsane i kapittel 9 har vi ved denne oppdateringa av personellsatsane ikkje gjort nokon ambisjonsjusteringar, det vil seie at vi legg til grunn at framtidig aktivitetsnivå vil ligge på eit snitt av aktivitetsnivået frå 2011 til 2013. Ei utfordring ved aktivitetsnivå og utgifter til aktivitet er at det frå 1. mai 2013 vart innført nye arbeidstidsbestemmingar for Forsvaret (ATF). Hove (2014) går gjennom mogelege konsekvensar av ATF. Isolert sett kan avtalen spare Forsvaret for utgifter fordi kompensasjonssatsane per time eller døgn for ein del typar aktivitet vert reduserte, men den auka avspaseringa som følgjer med avtalen vil kunne trekke utgiftene i motsett retning. I og med at avtalen vart innført midt i eit år, har vi likevel vald å rekne satsane basert på data for fleire år der også det gamle avtaleverket er med. Når vi etter planen i 2015 lagar nye satsar vil desse derimot vere basert kun på 2014-rekneskapen, det første fulle året med ATF.

⁴I denne rapporten består satsen av seks sjudelar døgnbasert øving utanfor arbeidstid (ØUA) på kvardagar og ein sjudel døgnbasert ØUA helg. Samansetninga av satsen er basert på ei analyse av rekneskapen som viste omtrent dette forholdet mellom dei to satsane for Forsvaret totalt. Aktivitetsindikatoren vil slik ligge nær det faktiske talet på øvingsdøgn for kapittel som nyttar svært mykje døgnbasert ØUA i same forhold, medan det ikkje vil likne til dømes for Sjøforsvaret, som i større grad har nytta fartøytilllegg og økonomisk kompensasjon (ø-komp). Poenget med å nytte ein vekta ØUA-sats er derimot ikkje at vi ønskjer at aktivitetsindikatoren i seg sjølv skal likne på talet på øvingsdøgn, men at den er avhengig av storleiken på grunnlønna.



Figur 2.6 Figuren er lik figur 2.5, med unntak av at aktivitetsambisjonen er justert opp med 20 prosent. Den lys lilla søyla for ambisjonsjustering er no tydeleg og tilsvarar no tjuve prosent av det variable aktivitetsbaserte tillegget pluss ekstra arbeidsgjevaravgift. Aktivitetsindikatoren (den kvite trekanten) er flytta tjuve prosent opp.

2.5 Kroneverdiar

I kapittel 9 presenterer vi personellsatsar til bruk i langtidsplanlegginga basert på lønns- og årsverksrekneskapen for åra 2011 til 2013. Fordi ei krone i 2011 ikkje er det same som ei krone i 2013, må dei årlege utgiftene justerast opp til ein felles kroneverdi. Alle personellsatsane er presenterte i 2014-kroner. Alle utgiftene for tidlegare år er justerte opp til 2014-kroner ved å justere med produktet av Statistisk sentralbyrå (SSB) sin konsumprisindeks (KPI) og ein årleg reallønnsvekst på 2,2 prosent⁵. 2,2 prosent er ikkje nødvendigvis eit fullgodt estimat på den faktiske lønnsveksten i Forsvaret, men eventuelle avvik vil vere så små at dei vert meir enn kompensert for av den ekstra nytta vi får av å kunne nytte eit datasett som går over tre år, med den variasjonen i aktivitet det inneber. Utgiftene frå 2011 er totalt justert opp med 11,3 prosent, utgiftene frå 2012 er justert opp med 7,8 prosent, og utgiftene frå 2013 er justert opp med 4,1 prosent for å få alle tal i 2014-kroner.

3 Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant til årsverk (EFT)

I lønnsrapporten er det kvar måned utgifter til personar som ikkje har registrert årsverk i den aktuelle månaden. Dette kan til dømes skuldast etterbetaling av feriepengar og pengar til gode til personell som har slutta i Forsvaret. I løpet av eit år utgjer totalbeløpet til dette rundt 200 millionar kroner, eller knapt to prosent av lønnsmassen. Kring ein tredel av desse pengane går til personar som ikkje har registrert årsverk i det heile tatt i løpet av eit kalenderår, medan dei siste to tredelane går til personar som har registrert årsverk i løpet av året, men som ikkje har registrert årsverk i alle året sine månader. Desse 200 millionar kronene går under nemninga etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant mot årsverk (EFT). I forklaringa til figur 2.3 illustrerte vi eit døme på korleis dette er dei

⁵Det er velkjend at lønnsnivået har stige raskare enn den generelle prisutviklinga, sjå Gulichsen et al. (2011).

utgiftene i lønnsrapporten som ikkje kan koplant direkte til årsverk. I dette kapittelet går vi nærare inn på desse utbetalingane og forklarar korleis vi tek høgde for dei i dei endelege personellsatsane.

EFT utgjer stort sett eit påslag på 1–2 prosent på toppen av lønnsutgifta i dei endelege personellsatsane, jamfør den gule delen av søylene i figur 2.5. Det er enklast å forklare EFT gjennom å nytte eit døme på ei utrekning. Figur 3.1 gjer ei oversikt over korleis EFT vert rekna ut. Figuren består av fem tabellar og 25 linjer med forklaringar og utrekningar. I resten av dette kapittelet går vi gjennom tabellane og utrekningane i linjene steg for steg, slik at forståinga av EFT vert gjort enkel. Ver merksam på at sidan dette er eit enkelt døme, vil dei illustrerte EFT-påslaga variere langt meir enn det vil gjere i dei faktiske utrekningane i kapittel 9, der påslaget vil ligge kring 1 prosent.

I dei to øvste tabellane i figur 3.1 står uttrekk frå årsverksrapporten for ein medarbeidar frå årsverksrapporten (*Årsverksrapport (SAP)*) og frå lønnsrapporten (*Lønnsrapport (SAP)*). Personen har utført ni månadsverk (summen i tabell 1 - *Årsverksrapport (SAP)*), det vil seie 0,75 årsverk. For å gjere dømet enkelt, tek vi utgangspunkt i at Forsvaret består av 10 000 slike medarbeidarar, slik at vi til saman har 7 500 årsverk (linje 1, under dei fem tabellane). Medarbeidaren har i løpet av året fått utbetalt 406 500 kroner (summen i tabell 2 - *Lønnsrapport (SAP)*), totalt 4,065 milliardar kroner for alle dei 10 000 medarbeidarane (linje 2).

Den tredje tabellen krysskoplar utbetalingar mot årsverk på same måte som i figur 2.3. Vi ser at utbetalingane frå tabell 2 er samla under det kapittelet der årsverket under tabell 1 ligg. Summen av utbetalingar som kan knyttast til årsverk er 305 500 kroner, eller 3,055 milliardar kroner totalt for alle medarbeidarane (linje 5). Tabell 4 inneheld dei utbetalingane frå tabell 2 som ikkje kan koplant mot årsverk (EFT), 101 000 kroner per årsverk, totalt 1,01 milliardar kroner (linje 6). Summen av tabell 3 og 4 svarer til summen av lønnsrapporten i tabell 2 (linje 2 og 3 stadfestar dette). Fordelt på alle årsverka i linje 1 vert summen av krysskopla data og EFT 542 000 kroner per årsverk (linje 4). Dette er resultatet ved bruk av divisjonsmetoden frå kapittel 2.3 for Forsvaret totalt.

For denne medarbeidaren er det 0,667 årsverk (summen av tabell 5) som har utbetalingar, totalt 6 667 årsverk for alle dei 10 000 tilsette i Forsvaret (linje 8). Tabell 5 er lik tabell 1 i dei månadene der medarbeidaren er oppført med utbetalingar. Gjennomsnittsutgifta per årsverk (summen av løn som kan koplant til årsverk (linje 5) dividert med talet på årsverk som kan knyttast til utbetalingar (linje 8)) er her 458 250 kroner (linje 9), som er resultatet av krysskoplingsmetoden *før* vi justerer for EFT. Totale utgifter utan justering for EFT er 3,055 milliardar kroner, medan totale utgifter i rekneskapen er 4,065 milliardar kroner. Vi må såleis gjere ei justering for EFT for å ende på same totalbeløp som i rekneskapen.

Neste punkt er altså å justere for EFT. Fordi vi kan ta utgangspunkt anten i talet på årsverk som er rapportert i rekneskapen (tabell 1 og linje 1) eller i talet på årsverk som faktisk får utbetalingar (tabell 5 og linje 8), finst det to framgangsmåtar. For å vite kva framgangsmåte vi vil bruke, må vi først vere klar på kva formålet med justeringa er. Formålet med å justere for EFT er at dersom vi multipliserer talet på årsverk med den gjennomsnittlege utgifta per årsverk, skal vi ende på den totale utgifta frå rekneskapen. Vi har to moglege utgangspunkt:

Alle årsverk og utbetalinger

1 Årsverksrapport (SAP)												
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			1						1			1
1733	1	1			1	1	1				1	
Sum	1	1	1	0	1	1	1	0	1	0	1	1

2 Lønnsrapport (SAP)												
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070	5 000	5 000	5 000	5 000		5 000		500	500	500	5 000	5 000
1733	45 000	45 000	45 000	45 000	45 000			5 000	5 000	45 000	45 000	45 000
Sum	50 000	50 000	50 000	50 000	45 000	5 000	0	5 500	5 500	45 500	50 000	50 000

3 Krysskopla rapport (utrekna)												
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			50 000						5 500			50 000
1733	50 000	50 000			45 000	5 000	0				50 000	
Sum	50 000	50 000	50 000	0	45 000	5 000	0	0	5 500	0	50 000	50 000

4 Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplant mot årsverk (EFT) (utrekna)												
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
N/A				50 000				5 500		45 500		
Sum	0	0	0	50 000	0	0	0	5 500	0	45 500	0	0

5 Renska årsverksrapport (utrekna)												
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			1						1			1
1733	1	1			1	1	0				1	
Sum	1	1	1	0	1	1	0	0	1	0	1	1

1	Tal på årsverk i årsverksrapporten (tabell 1)	7 500
2	Totalsum lønnsutgifter i lønnsrapporten (tabell 2)	4 065 000 000
3	Totalsum krysskopla rapport og EFT (sum av tabell 3 og tabell 4)	4 065 000 000
4	Gjennomsnittsutgift per årsverk (4,065 mrd. kr / 7500 årsverk)	542 000
5	Totalsum lønn kopla til årsverk (sum av tabell 3)	3 055 000 000
6	EFT (sum av tabell 4)	1 010 000 000
7	Sum, lønn til utrekna årsverk og lønn til utrekna EFT	4 065 000 000
8	Tal på utrekna årsverk (tabell 5)	6 667
9	Gjennomsnittsutgift per årsverk (3,055 mrd. kr / 6667 årsverk)	458 250

Metode A - Det faktiske tal på årsverk i SAP er korrekt utgangspunkt		
10	Gjennomsnittsutgift per årsverk (4,065 mrd. kr/7500 årsverk)	542 000
11	Total utgift ved tal på årsverk rapportert i SAP (458 250 kr*7500 årsverk)	3 436 875 000
12	EFT til fordeling (4,065 mrd. kr - 3,437 mrd. kr)	628 125 000
13	Totale utgifter ved utrekning av 7500 årsverk	4 065 000 000
14	Påslag, EFT per årsverk i prosent (0,628 mrd. kr / 3,437 mrd. kr)	18,28 %
15	Påslag, EFT per årsverk i kroner (458 250 kr*0,1828) = (542 000 kr - 458 250 kr)	83 750
16	Gjennomsnittsutgift per årsverk (458 250 kr*(1+0,1828))	542 000
17	Totale utgifter ved utrekning av 7500 årsverk	4 065 000 000

Metode B - Det faktiske tal på årsverk som får utbetalinger er korrekt		
18	Gjennomsnittsutgift per årsverk (4,065 mrd. kr/6667 årsverk)	609 750
19	Total utgift ved tal på årsverk rapportert i SAP (458 250 kr*6667 årsverk)	3 055 000 000
20	EFT til fordeling (4,065 mrd. kr - 3,055 mrd. kr)	1 010 000 000
21	Totale utgifter ved utrekning av 6666,67 årsverk	4 065 000 000
22	Påslag, EFT per årsverk i prosent (1,01 mrd. kr / 3,055 mrd. kr)	33,06 %
23	Påslag, EFT per årsverk i kroner (458 250 kr*0,3306) = (609 750 kr - 458 250 kr)	151 500
24	Gjennomsnittsutgift per årsverk (458 250 kr*(1+0,3306))	609 750
25	Totale utgifter ved utrekning av 6666,67 årsverk	4 065 000 000

Figur 3.1 *Gangen i utrekning av gjennomsnittlege personellutgifter i Forsvaret. For inngående forklaring, sjå tekst.*

Metode A: Det rapporterte talet på årsverk i SAP er det korrekte utgangspunktet. Det vil seie at dersom Forsvaret planlegg med at dei om fem år skal ha same personellstruktur som i dag, og at denne er 7 500 årsverk, så skal også Forsvaret sin personellstruktur om fem år koste det same som i dag (4,065 milliardar kroner), før kostnadsvekst. Her må den gjennomsnittlege utbetalinga per årsverk for Forsvaret totalt vere den same som ved bruk av divisjonsmetoden, altså 542 000 kroner (linje 10). Den gjennomsnittlege utgifta før justering for EFT var 428 250 kroner (linje 9). For 7 500 årsverk gjer dette ei total utgift på 3 436,875 millionar kroner (linje 11), det vil seie eit avvik frå totalsummen til lønn (4,065 milliardar kroner – linje 7 og 13) på 628,125 millionar kroner (linje 12). Dette betyr av vi må gjere eit påslag på 18,28 prosent, eller 84 750 kroner (linje 14 og 15), per årsverk for å nå frå 458 250 kroner til 542 000 kroner i gjennomsnittleg årsverksutgift og 4,065 milliardar kroner i total lønnsutgift (linje 16 og 17). 542 000 kroner er såleis den endelege gjennomsnittsutgifta for Forsvaret totalt. Dette er likt med resultatet frå divisjonsmetoden for Forsvaret totalt (linje 4). Dei to metodane vil derimot ikkje gje same resultat per kapittel grunna kapittelvandring (sjå kapittel 4).

Metode B: Det faktiske talet på årsverk som faktisk får utbetalningar er korrekt. Det vil seie at dersom Forsvaret planlegg med at dei om fem år skal ha 7 500 årsverk som faktisk får utbetalningar, så må utgiftene på 4,065 milliardar kroner justerast opp frå at talet på årsverk i dag faktisk er 6 667 årsverk (linje 8). Med andre ord må dei 4,065 milliardar kronene auke med 12,5 prosent (lik den prosentvise auken i årsverk). Dette betyr at den gjennomsnittlege utbetalinga per årsverk eigentleg skal vere 609 750 kroner (linje 18) for dei 6 667 årsverka for å nå ei total utgift på 4,065 milliardar kroner. Summane i linje 19 og 20 vert såleis lik summane i linje 5 og 6. Påslaget for EFT må dermed vere 33,06 prosent, eller 151 500 kroner (linje 22 og 23), for å nå ei gjennomsnittleg utgift per årsverk på 609 750 kroner (linje 24). Dette gjer totale utgifter ved 6 667 årsverk på 4,065 milliardar kroner (linje 25). 7 500 årsverk ville med andre ord kosta 4 573 125 000 kroner.

Vi vel å bruke metode A, det vil seie at når ein planlegg med endringar i tal på årsverk, så er det talet på årsverk i SAP som ligg til grunn for dette, ikkje talet på årsverk som faktisk får utbetalningar. Vi vel denne metoden av den enkle grunn at medan dei fleste som nyttar satsane har eit forhold til det offisielle talet på årsverk, er det få som gjer seg nytte av det talet på årsverk som faktisk er registrert med utbetalningar. Basert på valet av metode A er påslaget for EFT for perioden 2011–2013 1,317 prosent per årsverk. Metode B ville gjeve eit påslag på 1,82 prosent. Det er naturleg at dette talet er noko høgare, all den tid talet på årsverk i SAP alltid vil vere minst like høgt som det talet på årsverk som kan koplast mot lønn. Når vi i kapittel 5 tek ut kapitla 1070 og 1792 frå utrekningane vil EFT falle frå 1,317 prosent til 1,176 prosent.

Tillegg for EFT


Basert på gjennomgangen i dette kapittelet aukar vi lønnsdelen av alle personellsatsar med 1,176 prosent for å ta høgde for ekstra utgifter tilknytta etterbetalingar av feriepengar og tillegg (EFT) som ikkje kan knyttast til årsverk. EFT utgjer kring 130 millionar kroner i året (8 000 kroner per årsverk).

4 Kapittelvandring

Som vi såg både av figur 2.3 og av figur 3.1, vert utbetalingar gjennom krysskoplingsmetoden knytt til det kapittelet der årsverket høyrer heime, uavhengig av kvar utbetalinga opphavelig kjem frå. Denne vandringa av pengar, såkalla kapittelvandring, er viktig å ha ei god forståing av når ein nyttar personellsatsane inn i langtidsplanlegginga. Sjølv om kapittelvandring ikkje har noko å seie for utgiftene i Forsvaret totalt, har dei potensielt ein god del å seie for utgiftene på kapitellnivå. Dette kapittelet går difor nærare inn på omgrepet kapittelvandring.

4.1 Kva er kapittelvandring?

For å forstå kva ein personellsats er og kva ein personellsats ikkje er, er det heilt nødvendig å forstå konseptet *kapittelvandring*. Eit årsverk i Forsvaret får ikkje utbetalingar berre frå heimekapittelet, men også frå andre kapittel. Til dømes kan ein medarbeidar i Hæren (kapittel 1731) som deltek på fellesoperative øvingar få utbetalingar frå Felles ledelse og kommandoapparat (kapittel 1720), ein medarbeidar i Redningshelikoptertjenesten (kapittel 1791) kan få utbetalingar frå Luftforsvaret (kapittel 1733) og ein medarbeidar i Kystvakten (kapittel 1790) kan få utbetalingar frå Sjøforsvaret (kapittel 1732). Kapittelvandringa for Forsvaret sine kapittel i perioden 2011 til 2013 er illustrert i figur 4.1.




Figur 4.1 Kapittelvandring hos Forsvaret sine kapittel, 2011–2013. Figuren til venstre viser kva kapittel som er opphav til utgiftene til løn for eit gjennomsnittleg årsverk under bestemte kapittel. Figuren til høgre er same figur, berre at den kun viser dei øvste fem prosentane. Legg merke til at berre 63 prosent av utgiftene til 1792-årsverk vert utbetalt frå kapittel 1792, slik at søyla for 1792 i figuren til høgre ikkje er veldig informativ.

Frå figuren til venstre i figur 4.1 ser vi at det aller meste av utbetalingane til det gjennomsnittlege årsverk i eit bestemt kapittel kjem frå den einskilde medarbeidar sitt heimekapittel. Unntaket er kapittel 1792 (Norske styrker i utlandet), men dette kapittelet er spesielt av natur, mellom anna fordi årsverk som er ”utlånt” frå andre kapittel framleis får grunnløna si frå det opphavelge heimekapittelet. Figuren til høgre viser opphavet til dei siste fem prosentpoenga av årsverksutgiftene. Vi ser at for dei fleste kapittel er det slik at 96 til 99 prosent av utgiftene til eit årsverk fell på heimekapittelet. Av dei siste prosentane står ofte kapitla 1720 (Felles ledelse og kommandoapparat) og 1792 (Norske styrker i utlandet) for ein stor del.

4.2 Kva har kapittelvandring å seie for utgifta per årsverk?

Sidan einskilde kapittel finansierer meir av andre kapittel sine årsverk enn dei sjølve får i retur frå andre kapittel til eigne årsverk, vil personellsatsane ikkje verte like om ein nyttar krysskoplingsmetoden og om ein nyttar divisjonsmetoden vi gjekk gjennom i kapittel 2.3. Figur 4.2 viser gjennomsnittlege utgifter til løn per årsverk ved ulike måtar å fordele utgiftene på.



Figur 4.2 Oversikt over gjennomsnittlige personellutgifter basert på korleis dei er rekna ut. Utgiftene i den mørkeblå søyla er rekna ut ved hjelp av krysskoplingsmetoden. Utgiftene i den lyseblå søyla er rekna ut ved divisjonsmetoden. Det absolutte avviket i prosent (høgre akse) mellom desse to er vist ved den grønne søyla i forgrunnen. Den lilla søyla viser summen av utbetalingar som faktisk kan koplast til årsverk fordelt på det talet på årsverk under kvart enkelt kapittel som faktisk har motteke lønn (kopla løndata).

Utgiftene i den mørkeblå søyla er rekna ut ved hjelp av krysskoplingsmetoden, som altså er den vanlege metoden der utbetalingar vert knytt til årsverk, med tillegg for EFT. Størstedelen av dette vert finansiert av heimekapittelet, delar vert finansiert av andre kapittel. Utgiftene i den lyseblå søyla er rekna ut ved å dele totale utbetalingar frå kvart enkelt kapittel i lønnsrapporten med totale årsverk under det same kapittelet frå årsverksrapporten (divisjonsmetoden). Det absolutte avviket i prosent

(høgre akse) mellom desse to er vist ved den grønne søyla i forgrunnen. Avviket for det einskilde kapittel skuldast at kapitlet finansierer deler av årsverk under andre kapittel (spesielt gjeld dette kapittel 1792), og at dei får ein større eller mindre pott pengar tilbake frå andre kapittel. Avvika mellom dei to metodane ligg, med unntak av dei spesielle kapitla 1070 og 1792, på frå 0,1 prosent (1719) til 6,2 prosent (1760).


Den lilla søyla viser summen av utbetalingar som faktisk kan koplast til årsverk, fordelt på det talet på årsverk under kvart enkelt kapittel som faktisk kan koplast til utbetalingar (kopla løndata), pluss eit prosentvis påslag for å dekke EFT. Den totale løna og totalt tal på årsverk er dermed det same som under den mørkeblå søyla, medan metoden er som i den lyseblå (totale utbetalingar dividert med totalt tal på årsverk utan omsyn til at årsverk også trekk utgifter frå andre kapittel enn heimekapitlet). Vi har med andre ord null ut kapittelvandringa frå den mørkeblå til den lilla søyla. Den lilla søyla viser såleis kvart kapittel sine totale utbetalingar fordelt på kvart kapittel sine årsverk, uavhengig av kva årsverk utbetalingane høyrer til under. For dei fleste kapitla er det absolutte avviket mellom kopla løndata og krysskoplingsmetoden mellom null og to prosent, medan spesielt 1070 og 1792 skil seg ut. For Forsvaret totalt er søylene like høge, medan det altså er innbyrdes skilnader mellom kapittel.

4.3 Konsekvensar av kapittelvandring

Kapittelvandringa har implikasjonar for bruk av personellsatsane inn i langtidsplanlegginga. Figur 4.3 viser konsekvensane totalt og på kapittelnivå av å nytte krysskopla satsar samanlikna med den enkle divisjonsmetoden. Det er vist avvik både i kroner (søyler og akse til venstre) og i prosent (boksar og akse til høgre). Vi ser at det ikkje er ulikheiter på totalnivå, medan det er ein del ulikheiter på kapittelnivå. Det prosentvise avviket er sjeldan meir enn fire prosent. For eit årsverk i Hæren (kapittel 1731) utgjer dette rundt 12 000 kroner per årsverk. Når vi multipliserer dette opp med over 4 000 årsverk, vert det derimot snakk om eit stort beløp, her rundt 50 millionar kroner. 50 millionar kroner er altså utgiftsforskjellen når ein bygg opp hele strukturen frå botn. Dersom ein gjer utrekningar kun for den auka utgifta ein får ved å tilføre nokre årsverk, vert naturleg nok avviket mykje mindre. Dersom ein til dømes tilfører 50 årsverk til dei 4 000 årsverka som var der i utgangspunktet, vert avviket 600 000 kroner, som er klart innanfor ein akseptabel feilmargin. Vi legg igjen merke til at avviket for kapittel 1070 og 1792 er spesielt stort.⁶ Til dømes vert utgifta under kapittel 1792 120 millionar kroner (22 prosent) høgare dersom vi nyttar krysskoplingsmetoden. Kapittel 1731 vert 51 millionar kroner ”billegare” ved bruk av krysskoplingsmetoden (vi minner igjen om at vi her snakkar kun om lønnsutgifter, ikkje P-MVT, som vi først kjem til i kapittel 6). Å ikkje justere for kapittelvandring kan såleis gje svært gale resultat til dømes i budsjetteringsarbeidet.


Figur 4.4 viser avviket mellom der vi nyttar kopla løndata og der vi nyttar divisjonsmetoden. Kopla løndata tilsvarer krysskoplingsmetoden reinska for kapittelvandring. Det er med andre ord ingen kapittelvandring att i figuren (med unntak av den som måtte ligge i dei 1,317 prosent EFT vi har lagt på). Vi ser at det er ein del mindre avvik på kapittelnivå, men stort sett under eitt prosent. Dette

⁶Avvika er ikkje dei same som i figur 4.2 fordi vi har multiplisert den gjennomsnittlege satsen med eit tal på årsverk som skil seg avhengig av om vi har nytta divisjonsmetoden eller krysskoplingsmetoden.



Figur 4.3 *Konsekvensar av kapittelvandring på det totale utgiftsnivået. Krysskoplingsmetoden relativt til divisjonsmetoden, det vil seie at positive avvik betyr at totale utgifter er høgast ved bruk av krysskoplingsmetoden. Dei store avvika ved bruk av krysskoplingsmetoden kjem av kapittelvandring. Søyla for kapittel 1792 går til 120 millionar kroner og 22 prosent. For 1070 er avviket -16,2 prosent.*

kjem av at EFT ikkje kan knyttast til årsverk, og difor vert jamt fordelt på alle årsverk og alle kapittel. Dersom vi hadde fordelt EFT etter kapittel, ville det ikkje vore avvik i figuren (ei slik fordeling nemner vi som mogeleg vidare arbeid i kapittel 10.2) så lenge alle kapittel er med i utrekningane. I praksis er det slik at einsskillede kapittel har meir EFT enn andre kapittel. Vi har no presentert ulike typar måtar å rekne personellsatsar på. Kapittel 8 går nærare inn på når ein bør nytte dei ulike typane satsane. Før det går vi gjennom korleis vi har reinska ut ulike kapittel (kapittel 5) og forklarar personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT) meir i detalj (kapittel 6).



Figur 4.4 *Forskjellen mellom å nytte koplå lønndata (lønnsutgifter som kan knyttast til årsverk, uavhengig av kapittel) og å nytte totale lønnsutgifter per kapittel. Eventuelle avvik kjem av utbetalingar som ikkje kan knyttast til årsverk. Det prosentvise avviket for kapittel 1070 er -11,9 prosent.*

Kapittelvandring

Kapittelvandring (at eit årsverk under eit bestemt kapittel får utbetalingar frå andre kapittel) fører til at det ikkje er samsvar mellom totale lønnsutgifter under eit kapittel og total lønn årsverka som arbeider under det kapittelet kostar. Dersom ein skal gjere analyser på kapitelnivå må ein justere dei totale utgiftene ved å trekke ut kapittelvandring som kjem frå andre kapittel og legge til kapittelvandring som går til andre kapittel. For å gjere dette må ein køyre personellsatsane gjennom kapittelvandringmatrisene i vedlegg F.

5 Fjerning av kapitla 1070 og 1792 frå utrekningane

Kapitla 1070 og 1792 skil seg noko frå dei andre kapitla i Forsvaret. 1070 (Samfunnet Jan Mayen og Loran-C) skil seg av di det ligg under Fiskeri- og kystdepartementet, medan kapittel 1792 (Norske styrker i utlandet) har i seg utgifter til internasjonale operasjonar. Her er ein del direkterekrutert personell som ikkje ville vore ein del av Forsvaret sin "normale" fredstidstruktur, og omfanget av utgiftene under kapittelet vil også av andre årsaker variere med Noreg si deltaking i internasjonale operasjonar. 1070 er ikkje med i utrekningane fordi dette personellet ligg under eit anna departement, medan 1792 ikkje er med fordi personellsatsane skal reflektere fredstidstrukturen til Forsvaret.

5.1 Korleis ta ut kapittel 1070 og 1792 på korrekt måte

At vi reinskar ut einskilde kapittel frå utrekningane har konsekvensar, både for personellsatsane per årsverk, og for kapittelvandringa i kapittel 4. Dette kan best illustrerast gjennom eit døme. I vedlegg J går vi nøye gjennom kvart enkelt steg på veg mot sluttresultatet, medan vi i dette kapittelet ser på utgangspunktet og sluttresultatet. Dei neste to figurane bygger på figur 3.1, berre at vi her kun nyttar metode A, altså at vi går ut frå at eventuelle justeringar i talet på årsverk har sitt opphav i det talet på årsverk som er rapportert i årsverksrapporten. Figur 5.1 er då ein rein kopi av figur 3.1, så vi går ikkje nærare gjennom denne, men viser den slik at det er enkelt å samanhalde den med figur 5.2.

I figur 5.2 har vi i tabell 1 og 2 fjerna alle årsverk og utbetalingar under kapittel 1070 og 1792. Dette reduserer talet på årsverk (linje 1) og totalsum i lønnsrapporten (linje 2). Summen i linje 3 er ikkje lik summen i linje 2, slik den var i figur 5.1. Dette kjem av at utbetalingar som ikkje kan koplast til årsverk (og som dermed vanlegvis ville enda i tabell 4), men som i figur 5.1 gjekk til eit årsverk under kapittel 1070 eller 1792 no ikkje vert tald med i det heile tatt, sidan vi har definert dei til å liggje utanfor den organisasjonen vi ser på. Dermed fell utbetalingane i mars, september og desember ut av utrekningane, og summen i linje 2 og 3 vert ulik. Differansen skuldast med andre ord at vi har korrigert EFT-utbetalingane til kun å omfatte dei opphavelige EFT frå figur 5.1, fråtrekt kapittel 1070 og 1792.

Basert på denne metoden endrar påslaget for EFT seg frå 1,317 prosent i kapittel 3, til 1,176 prosent. Dette er med andre ord påslaget som er nytta i personellsatsane i kapittel 9.

Alle årsverk og utbetalinger

1	Årsverksrapport (SAP)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			1						1			1
1733	1	1			1	1	1				1	
Sum	1	1	1	0	1	1	1	0	1	0	1	1

2	Lønnsrapport (SAP)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070	5 000	5 000	5 000	5 000		5 000		500	500	500	5 000	5 000
1733	45 000	45 000	45 000	45 000	45 000			5 000	5 000	45 000	45 000	45 000
Sum	50 000	50 000	50 000	50 000	45 000	5 000	0	5 500	5 500	45 500	50 000	50 000

3	Krysskopla rapport (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			50 000						5 500			50 000
1733	50 000	50 000			45 000	5 000	0				50 000	
Sum	50 000	50 000	50 000	0	45 000	5 000	0	0	5 500	0	50 000	50 000

4	Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplast mot årsverk (EFT) (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
N/A				50 000				5 500		45 500		
Sum	0	0	0	50 000	0	0	0	5 500	0	45 500	0	0

5	Renska årsverksrapport (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1070			1						1			1
1733	1	1			1	1	0				1	
Sum	1	1	1	0	1	1	0	0	1	0	1	1

1	Tal på årsverk i årsverksrapporten (SAP)	7 500
2	Totalsum lønnsutgifter i lønnsrapporten (SAP)	4 065 000 000
3	Totalsum krysskopla rapport og EFT	4 065 000 000
4	Gjennomsnittsutgift per årsverk (4,065 mrd. kr / 7500 årsverk)	542 000
5	Totalsum lønn kopla til årsverk (utrekna)	3 055 000 000
6	EFT (utrekna)	1 010 000 000
7	Sum, lønn til utrekna årsverk og lønn til utrekna EFT	4 065 000 000
8	Tal på årsverk (utrekna)	6 667
9	Gjennomsnittsutgift per årsverk (3,055 mrd. kr / 6667 årsverk)	458 250
10	Gjennomsnittsutgift per årsverk (4,065 mrd. kr/7500 årsverk)	542 000
11	Total utgift ved tal på årsverk rapportert i SAP (458 250 kr*7500 årsverk)	3 436 875 000
12	EFT til fordeling (4,065 mrd. kr - 3,437 mrd. kr)	628 125 000
13	Totale utgifter ved utrekning av 7500 årsverk	4 065 000 000
14	Påslag, EFT per årsverk i prosent (0,628 mrd. kr / 3,437 mrd. kr)	18,28 %
15	Påslag, EFT per årsverk i kroner (458 250 kr*0,1828) = (542 000 kr - 458 250 kr)	83 750
16	Gjennomsnittsutgift per årsverk (458 250 kr*(1+0,1828))	542 000
17	Totale utgifter ved utrekning av 7500 årsverk	4 065 000 000

Figur 5.1 Gangen i utrekning av personellkostnader. Alle årsverk og alle utbetalinger.

5.2 Konsekvensar av å ta ut kapittel 1070 og 1792

Figur 5.3 viser det same biletet som figur 4.2 viste i kapittel 4.2, berre at vi her har fjerna utbetalinger og årsverk under kapitla 1070 og 1792. Fordi 1792 i figur 4.2 stod for ein stor del av kapittelvandringa, minkar avviket mellom resultatata basert på krysskoplingsmetoden og resultatata basert på kopla løndata (som altså er krysskopla data der vi har fjerna kapittelvandringa). Derimot er det framleis avvik mellom krysskoplingsmetoden og divisjonsmetoden. For ein del kapittel aukar den prosentvise

Alle årsverk (ekskl. 1070 og 1792) og utbetalinger (ekskl. 1070 og 1792)

med EFT frå alle årsverk og utbetalinger

1	Årsverksrapport (SAP)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1733	1	1			1	1	1					1
Sum	1	1	0	0	1	1	1	0	0	0	1	0

2	Lønnsrapport (SAP)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1733	45 000	45 000	45 000	45 000	45 000			5 000	5 000	45 000	45 000	45 000
Sum	45 000	45 000	45 000	45 000	45 000	0	0	5 000	5 000	45 000	45 000	45 000

3	Krysskopla rapport (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1733	45 000	45 000			45 000	0	0				45 000	
Sum	45 000	45 000	0	0	45 000	0	0	0	0	0	45 000	0


4	Etterbetaling av feriepengar og tillegg som ikkje kan koplast mot årsverk (EFT) (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
N/A				45 000				5 000		45 000		
Sum	0	0	0	45 000	0	0	0	5 000	0	45 000	0	0

5	Renska årsverksrapport (utrekna)											
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
1733	1	1			1	0	0					1
Sum	1	1	0	0	1	0	0	0	0	0	1	0

1	Tal på årsverk i årsverksrapporten (SAP)	5 000
2	Totalsum lønnsutgifter i lønnsrapporten (SAP)	3 700 000 000
3	Totalsum krysskopla rapport og EFT	2 750 000 000
4	Gjennomsnittsutgift per årsverk (2,75 mrd. kr / 5000 årsverk)	550 000
5	Totalsum lønn kopla til årsverk (utrekna)	1 800 000 000
6	EFT (utrekna)	950 000 000
7	Sum, lønn til utrekna årsverk og lønn til utrekna EFT	2 750 000 000
8	Tal på årsverk (utrekna)	3 333
9	Gjennomsnittsutgift per årsverk (1,8 mrd. kr / 3333 årsverk)	540 000
10	Gjennomsnittsutgift per årsverk (2,75 mrd. kr/5000 årsverk)	550 000
11	Total utgift ved tal på årsverk rapportert i SAP (540 000 kr*5000 årsverk)	2 700 000 000
12	EFT til fordeling (2,75 mrd. kr - 2,7 mrd. kr)	50 000 000
13	Totale utgifter ved utrekning av 5000 årsverk	2 750 000 000
14	Påslag, EFT per årsverk i prosent (0,05 mrd. kr / 2,7 mrd. kr)	1,85 %
15	Påslag, EFT per årsverk i kroner (540 000 kr*0,0185) = (550 000 kr - 540 000 kr)	10 000
16	Gjennomsnittsutgift per årsverk (540 000 kr*(1+0,0185))	550 000
17	Totale utgifter ved utrekning av 5000 årsverk	2 750 000 000


Figur 5.2 *Gangen i utrekning av personellkostnader. Alle årsverk og alle utbetalinger (begge eksklusive kapittel 1070 og kapittel 1792), samt korrigert for å gje uttrykk for korrekt omfang av EFT.*

forskjellen. Legg merke til at det no også oppstår eit avvik (grøn søyle) for Forsvaret totalt. Dette skuldast at forholdet mellom årsverk og utbetalinger som er fjerna i samband med uttak av 1070 og 1792 ikkje er det same. Her er det fjerna 245 millionar kroner meir frå utrekningane enn eit uttak skalert lineært med talet på årsverk skulle tilseie, slik at krysskoplingsmetoden gjer ein noko lågare sats enn divisjonsmetoden.




Figur 5.3 Som figur 4.2, berre eksklusive utbetalingar og årsverk under kapitla 1070 og 1792, og korrigert for endring i EFT. Fordi 1792 står for ein stor del av kapittelvandringa, minkar avviket mellom resultatane basert på krysskoplingsmetoden og resultatane basert på kopla løndata. Derimot er det framleis avvik mellom krysskoplingsmetoden og divisjonsmetoden.

Figur 5.4 viser kva dette betyr på totalnivå. Vi ser for det første at det oppstår eit avvik for Forsvaret totalt, på 245 millionar kroner. Med andre ord gjer personellsatsane basert på krysskoplingsmetoden rundt to prosent lågare totalutgifter enn ved å bruke satsane frå divisjonsmetoden. Årsaka til dette er at det går utbetalingar frå kapittel som er med i utrekningane og til årsverk under kapitla 1070 og 1792. Dette har igjen implikasjonar for bruken av satsane i langtidsplanlegginga. All den tid det går store utgifter frå kapittel som er med i utrekninga, til dømes 1731 (Hæren), til eitt av kapitla som er teke ut av utrekningane (eller motsett), vil ikkje dei totale utgiftene gå opp med rekneskapen av i dag. Dette er ein naturleg konsekvens av at satsane er laga for ein fredstidsorganisasjon, der det ikkje finst verken utgifter eller årsverk under 1792. Dette betyr med andre ord at vi i utrekningane føreset at utgifter som i dag går frå 1731 til 1792, vil falle bort dersom 1792 skulle vorte lagt ned. Dersom vi i staden ser for oss at desse utgiftene ville vorte fordelt tilbake til 1731 ved bortfall av 1792, burde desse utgiftene vore med. Desse to alternativa er illustrerte i form av situasjon A og B i figur 5.5.




Figur 5.4 Konsekvensar av kapittelvandring på det totale utgiftsnivået. Krysskoplingsmetoden relativt til divisjonsmetoden. Dei store avvika ved bruk av krysskoplingsmetoden kjem av kapittelvandring. Avviket for Forsvaret totalt endar på -245 millionar kroner. Dette skuldast at alle pengane som flyt frå gitte kapittel til årsverk under kapitla 1070 og 1792 er med ved bruk av divisjonsmetoden, medan dei er reinska ut ved bruk av krysskoplingsmetoden.



Figur 5.5 Illustrasjon av dagens situasjon og to moglege framtidige situasjonar. I dagens situasjon går utbetalingane frå eit kapittel, her 1731, til 1731 og 1792. Dersom Noreg ikkje lenger skal delta i internasjonale operasjonar vil kapittel 1792 falle bort. Det er då to moglege situasjonar. Under situasjon A krympar utbetalingane ned til det nivået som tidlegare gjekk til kapittel 1731. Det er difor inga endring i utgiftene som går til kapittel 1731. Under situasjon B vert det totale utgiftsnivået bevart, medan dei utgiftene som vert tilordna kapittel 1731 aukar (til dømes som følge av auka rom for øvingsaktivitet under kapittel 1731).

I personellsatsane i denne rapporten er det altså føresett at dei totale personellutgiftene går ned dersom 1792 fell bort. Dersom utgiftene vil halde seg på dagens nivå sjølv dersom kapittel 1792 fell bort, vil personellsatsane gje totalt 245 millionar kroner for låge utgifter. Dette må ein justere for dersom ein vil rekne på kva strukturen kostar i dag, til dømes ved å legge til ekstra 1792-utgifter ved sidan av.

I figur 4.1 viste vi kapittelvandringa for alle kapittel i Forsvaret sitt rekneskap. Der kom om lag 96 prosent av alle utbetalingar frå heimekapittelet. I figur 5.6 viser vi tilsvarende figur, men altså reinska for utbetalingar og årsverk under kapitla 1070 og 1792. Det gjennomsnittlege delen som kjem frå heimekapittelet er no rundt 97 prosent.



Figur 5.6 Kapittelvandring hos Forsvaret sine kapittel eksklusive 1070 og 1792, 2011–2013. Figuren til venstre viser kva kapittel som er opphav til utgiftene til løn for eit gjennomsnittleg årsverk under bestemte kapittel. Figuren til høgre er same figur, berre at den kun viser dei øvste fem prosentane.


Om å ta ut kapitla 1070 og 1792

Vi tek ut kapitla 1070 og 1792 frå utrekningane fordi vi ønsker å rekne personellsatsar for Forsvaret (utelukkar kapittel 1070, som ligg under eit anna departement) sin fredstidsorganisasjon (utelukkar kapittel 1792, som er norske operasjonar i utlandet). På grunn av retninga på netto kapittelvandring fører dette til at å nytte personellsatsane til å rekne på utgiftene til Forsvaret i dag (eksklusive 1070 og 1792) vil underestimere dei totale utgiftene ved strukturen med 245 millionar kroner.

6 Personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT)

Frå figur 2.1 hugsar vi at personellsatsen ikkje berre består av ein rein lønnsdel, men også ein del personellrelatert materiell, varer og tenester (P-MVT). I figur 6.1 er illustrert ei skisse over Forsvaret sin driftsrekneskap, med bevilgningsartane 10111-19 (lønn) og 10121-29 (materiell, varer og tenester – MVT). Figuren er eit reint påbygg frå figur 2.2, som berre viste lønn. Dei to gruppene bevilgningsartar utgjer omtrent femti prosent av driftsrekneskapen kvar.⁷ P-MVT utgjer ein svært variabel del av MVT. Hos Kystvakten (kapittel 1790) og Redningshelikoptertjenesten (kapittel 1791)


⁷Her er det store variasjonar mellom kvart kapittel. Dette er ikkje reflektert i figuren, fordi formålet med figuren berre er å gje eit første visuelt inntrykk av omfanget, ikkje å gje eit fullstendig bilete av rekneskapen.



Figur 6.1 Fordeling av lønnsutgifter og P-MVT i Forsvaret. Lønnsutgifter er nærare forklart i figur 2.2. P-MVT er den personellrelaterte delen av bevilgningsart 10121-29 (materieil, varer og tenester – MVT). P-MVT utgjer mellom fem og tretti prosent av totale MVT under eit kapittel. Ein stor del av MVT skuldast sentrale posteringar og er kapittelvandring frå andre kapittel.

utgjør P-MVT berre fem til åtte prosent av MVT, fordi ein så stor del av MVT går til vedlikehold. I meir personelltunge kapitlar, til dømes i kapitla 1719 (Fellesutgifter og tilskudd til foretak under Forsvarsdepartementet) og 1725 (Fellesinstitusjoner og -utgifter under Forsvarsstaben), utgjør delen P-MVT opp mot tretti prosent. Rundt halvparten av P-MVT skuldast fellesposterte utgifter under kapitlar 1720 (Felles ledelse og kommandoapparat), 1725 og 1740 (Forsvarets logistikkorganisasjon).

Figur 6.2 viser ei skisse over korleis P-MVT er bygd opp. Skissa er henta frå Gulichsen et al. (2013). Vedlegg G viser korleis P-MVT for dei ulike kapitla er bygd opp, og kvar dei ulike komponentane kjem frå.



Figur 6.2 *Gangen i utrekning av P-MVT. Basert på ei analyse av hovudboka kan vi klassifisere personellrelaterte utgifter per bevilningsart og gjennom det P-MVT per kapittel. Som ein del av P-MVT inngår også utgifter frå felleskapittel, mellom anna fellesposterte reiser, forsikringar og flytteutgifter, og ei analyse av ammunisjonsforbruk basert på AMPLAN. Ved å kople utgiftene mot personellkategori, kan ein lage P-MVT per personellkategori per kapittel. Figur frå Gulichsen et al. (2013).*

Tabellane i vedlegg G viser både den delen av P-MVT som kjem frå eige kapittel og den delen som kjem frå andre kapitlar. Basert på ei analyse av hovudboka (der dei enkelte fakturaene Forsvaret betalar vert registrert), er det klassifisert ein del av utgiftene under kvar bevilningsart som drive av personell eller uavhengige av personell. I tillegg er det lagt til utgifter for FISBasis og ammunisjon. Ammunisjon er trekt ut som ei eiga utgift fordi det historisk har vist seg at ammunisjonsutgiftene i rekneskapen har vore mykje lågare enn det faktiske forbruket, mellom anna grunna lagertæring. Det er difor gjort ei eiga analyse av AMPLAN for å finne utgiftene knytt til faktisk ammunisjonsforbruk. Tabell G.1 viser dei utgiftene som kjem frå andre kapitlar. Desse utgiftene inkluderer skulepengar, sentralt posterte flytte- og reiseutgifter, yrkesskadeforsikring og informasjons- og sanitetsmateriell. Desse utgiftene går, som tidlegare nemnt, over kapitla 1720, 1725 og 1740. Legg i vedlegg G merke til at Hæren og Heimevernet er ikkje oppført med eigne ammunisjonsutgifter, fordi ein har vald å modellere desse utanfor personellsatsane.

Utrekningane av P-MVT er i større grad enn utrekningane av lønn basert på skjønn. Mellom anna må det gjerast ei skjønsmessig vurdering av kva utgiftselement som skal knyttast til kva

personellkategori, og i kva omfang. Vi har til dømes lagt til grunn at alle personellkategoriar forbrukar lik mengde ammunisjon (gjeld altså ikkje Hæren og HV), ein føresetnad som kan diskuteras. Eigedom, bygg og anlegg (EBA) er heller ikkje ein del av P-MVT. Det ligg føre ein plan om revisjon av metoden for utrekning av P-MVT, og det vil verte referert til denne ved framtidige oppdateringar av denne rapporten.

7 Vernepliktige og ikkje-rapporterte årsverk

I dette kapittelet går vi gjennom dei viktigaste delane av lønnsutgiftene som ikkje går til offisielle årsverk. I figur 2.2 utgjorde dette seks prosent av totale utbetalingar til vernepliktige (VPL), fire prosent til ikkje-rapporterte årsverk (IRÅ) og to prosent til HV- og repetisjonsøvingar (HVrep). HVrep vert ikkje gjennomgått her.


7.1 Vernepliktige (VPL)

Forsvaret har kvart år eit stort tal vernepliktige personar inne til teneste. I 2013 var det til dømes i overkant av 17 000 personar som fekk utbetalt tenestetillegg som vernepliktig. Derimot er det på langt nær alle desse som fullfører eit årsverk. Nokon av dei 17 000 fullfører tenesta til våren, nokon startar til hausten og nokon fullfører aldri heile tenesta. Ein god del er slik inne i ganske kort del av året. For langtidsplanleggingsformål reknar vi med *vernepliktige årsverk*. Fordelen med å rekne i vernepliktige årsverk, er at medan det over tid kan endre seg kor lenge den vernepliktige i gjennomsnitt er inne til teneste, så varer eit vernepliktig årsverk alltid like lenge. Det gjer dermed meining å snakke om gjennomsnittlege utgifter.

7.1.1 Vernepliktige årsverk

For kvar dag den vernepliktige er inne, får vedkomande utbetalt ein fast dagpengesats. I 2011 var denne 150–154 kroner (satsane går opp frå og med juli), i 2012 var satsane 154–161 kroner, og i 2013 var satsane 161–163 kroner. Vi reknar med at det i snitt vert kompensert 30 dagar per måned. Det vil seie at vernepliktige som i 2013 fekk utbetalt 58 320 kroner i totalt tenestetillegg vert rekna for å ha utført eitt årsverk.⁸ Ein person som har fått utbetalt 29 160 kroner, likt fordelt før og etter juli, har dermed utført 0,5 årsverk. Talet på vernepliktige årsverk i Forsvaret har dei siste åra fluktuert rundt 8 000. Figur 7.1 viser utviklinga i vernepliktige årsverk og samansetninga mellom dagpengar (tenestetillegg) og andre tillegg (der dei største er dimisjonsoppgjer, bustønad, visekorporalt tillegg og utdanningsbonus) frå 2004 til 2013. Vi har ikkje lagt på P-MVT for vernepliktige i figur 7.1, men det er gjort påslag for P-MVT i personellsatsane som følger av kapittel 9.


⁸ 161 kroner per dag * 30 dagar kompensert per måned * 6 månader + 163 kroner per dag * 30 dagar kompensert per måned * 6 månader.



Figur 7.1 Gjenomsnittlig utgift per vernepliktige årsverk, fordelt på dagpenger og andre tillegg, samt talet på årsverk, frå 2004 til 2013.

7.2 Ikkje-rapporterte årsverk (IRÅ)


Ikkje-rapporterte årsverk er, som vist i figur 2.2, ei variert gruppe, med alt frå lærlingar, timelærarar, avgangsstimulerande tiltak, til tilsette på pensjonistvilkår. Figur 7.2 viser summen av utbetalingar per kapittel (i tillegg kjem 213 millionar kroner til avgangsstimulerande tiltak (AST) under kapittel 1725) for kvart av åra 2011 til 2013, samt eit snitt av utbetalingane desse åra. Vi ser at IRÅ for mange kapittel utgjer eit betydeleg beløp, og det er viktig å ta med utgiftene til IRÅ når ein gjer analyser av totale personellutgifter.



Figur 7.2 Totale utbetalingar til ikkje-rapporterte årsverk (IRÅ) frå 2011 til 2013, samt gjennomsnitt. I tillegg ligg det i snitt 213 millionar kroner som utgifter til avgangsstimulerande tiltak under kapittel 1725.

Det går an å rekne utgifter per årsverk ved å nytte den informasjonen som finst om kvar medarbeidar

sin sist registrerte stillingsprosent. Her er både datakvaliteten meir tvilsam enn for dei offisielle årsverka, samt at det er vanskeleg å samanlikne utgifter på tvers av kapittel. Til dømes kan kapittel med ein stor del tilsette på pensjonistvilkår som sist var registrert med ein stillingsprosent på 100, men som arbeidar svært lite som pensjonist, få ei lågare gjennomsnittsutgift enn kapittel med ein stor del lærlingar. Figur 7.3 viser ei oppstilling over utgifter og utgifter per kapittel. I tillegg kjem rundt 400 årsverk AST, som i snitt kostar 530 000 kroner per årsverk.



Figur 7.3 Gjennomsnittlege utgifter til IRÅ per årsverk. I tillegg kjem 400 årsverk avgangsstimulerande tiltak under kapittel 1725 på 531 000 kroner kvar.

8 Når bør ein nytte kva type personellsatsar?

I kapittel 2.3 gjekk vi gjennom dei to hovudmetodane som finst for å lage lønnsdelen av personellsatsane, *krysskoplingsmetoden* og *divisjonsmetoden*. Vi har undervegs i rapporten vist til desse to metodane, i tillegg til ein ”mellommetode”, *kopla løndata*, der vi har fordelt dei lønnsutgifter under eit gitt kapittel vi har klart å kople mot årsverk (uavhengig av kva kapittel dei høyrer til under) ut over det tal på årsverk kapittelet har. Det er klart at ein vil få ulik totalutgift på kapitellnivå avhengig av kva type personellsats ein nyttar. Spørsmålet vert då kva satsar ein bør nytte.

Grunnregelen er at ein bør benytte personellsatsane som er laga på bakgrunn av krysskoplingsmetoden. Desse satsane er robuste og er danna på bakgrunn av at lønnsrekneskapen er kopla mot årsverksrekneskapen. Når ein har Forsvaret som overordna perspektiv for analysene og føreset at eit eventuelt framtidig bortfall av kapittel som ikkje er med i utrekningane (til dømes kapittel 1792) ikkje fører til auka utgifter under andre kapittel, vil resultatet også verte korrekt. Ein får også teke høgde for at årsverk under eitt kapittel også dreg utgifter frå andre kapittel.

Å nytte resultatata frå krysskoplingsmetoden er derimot ikkje rett fram dersom ein har eit smalare arbeidsområde enn Forsvaret totalt, til dømes analyser kun på kapitellnivå. Som vist i kapittel 4 fører kapittelvandringa til at resultatet på kapitellnivå ikkje vil stemme overeins med rekneskapen på kapitellnivå. Dersom ein nyttar personellsatsane som grunnlag for å fastsetje størrelsen på budsjettet

til det enkelte kapittel, vil ein straffe kapittel som betalar meir til andre kapittel enn kapittelet sjølv får tilbake frå andre kapittel til eigne årsverk (slik som til dømes Hæren i figur 5.4). Figur 2.3 og tabell 2.1 gav eit enkelt døme på dette. I det eksempelet finansierte kapittel 1720 alle utgifter til eigne årsverk, men også ein del utgifter til årsverka under kapittel 1731. Frå tabell 2.1 såg vi difor at krysskoplingsmetoden gav ein høgare årsverkskostnad for 1731-årsverk enn det divisjonsmetoden gav (sum av utbetalingar under eit kapittel dividert med sum av årsverk under eit kapittel), og motsett resultat for kapittel 1720. Å nytte personellsatsane i dette tilfellet ville med andre ord ført til at kapittel 1731 vart overfinansiert, medan kapittel 1720 vart underfinansiert. Personellsatsane er korrekte i den forstand at 630 000 kroner er det eit 1731-årsverk kostar Forsvaret og 420 000 kroner er det eit 1720-årsverk kostar Forsvaret. 630 000 kroner er derimot ikkje det eit 1731-årsverk kostar kapittel 1731.

Det finst to måtar å løyse dette ”problemet” på. Den første er å bruke divisjonsmetoden for å framskrive utgiftene. Dersom kapittel 1731 eitt år brukar 4 milliardar kroner på lønn og har 4 000 årsverk, er den gjennomsnittlege utgifta per årsverk 1 000 000 kroner. Dersom Hæren neste år skal ha 4 050 årsverk, vert med andre ord den totale utgifta 4,05 milliardar kroner.⁹ På svært kort sikt og på overordna nivå kan dette fungere bra. Det er derimot fleire utfordringar ved dette. For det første klarer vi ikkje på denne måten skilje mellom personellkategoriar. Vi klarer ikkje setje ein ordentleg god pris på kva til dømes eit Befal (A) kostar. Det er likevel mogeleg å nytte informasjon frå lønnsrapporten til å lage brukbare satsar til ei kortsiktig framskrivning ved å dividere alle utbetalingar som er ført som Befal (A) med talet på Befal (A)-årsverk, men vi kan ikkje vite sikkert om dette er korrekt all den tid vi ikkje har ei kopling mellom kvar enkelt utbetaling og årsverk. Problemet vert verre når vi skal lage satsar for ulike aktivitetsnivå (høg, låg og FRIFLO). Igjen er det mogeleg å nytte informasjon om medarbeidaren si avdeling i lønnsrapporten, men vi er no på eit så detaljert nivå at å dele lønnsmasse på tal på årsverk utan å kople dei individ for individ gjer svært usikre estimat. Vi kan ikkje seie noko om at dette er det eit årsverk faktisk kostar – det er berre ein sum delt på ein annan. Det andre problemet er av meir grunnleggjande art. Personellsatsane vi presenterer i kapittel 9 er reinska for effektene av kapittel 1070 og 1792, det vil seie både årsverk og utbetalingar. Til dømes betalar Hæren ein god del pengar til personell som har årsverka sine under kapittel 1792. Dersom ein nyttar divisjonsmetoden til å rekne snittkostnader på, er det umogeleg å skilje desse utbetalingane frå dei som går til ”fredstidskapitla”. Dersom kapittel 1792 i framtida skal nedskalrast utan at utgiftene skal auke under andre kapittel, vil vi ved bruk av divisjonsmetoden igjen få problemet med at Hæren vert overkompensert (fordi dei utbetalingane som går til 1792 då eigentleg skal falle bort). Divisjonsmetoden tek heller ikkje inn over seg at utgifter oppstår andre stader når ein endrar talet på årsverk. Om ein aukar talet på årsverk i Hæren, vil det, for same gjennomsnittlege aktivitetsnivå, auke utgifter til aktivitet også under andre kapittel. På same måte kan Hæren sine utgifter auke om andre kapittel hentar inn fleire årsverk.

Den andre måten å løyse problemet på, er å nytte kapittelvandringmatriser for å reinske satsane for kapittelvandring. Kapittelvandringmatriser for alle kapittel og personellkategoriar er vist i vedlegg F. Dersom ein justerer personellsatsane med kapittelvandringmatrisene, vil ein få dei satsane vi i

⁹ 1 000 000 kroner per årsverk * 4 050 årsverk.

denne rapporten har kalt kopla løndata, altså krysskopla satsar reinska for kapittelvandring. I tabell 8.1 og 8.2 viser vi eit døme på samanhengen mellom krysskopla personellutgifter og kopla løndata. Tala i tabell 8.1 er snittet av utgiftene til lønn (P-MVT er ikkje med i dette eksempelet, men logikken er den same) for åra 2011–2013, medan tabell 8.2 viser det same per årsverk. I kolonne to i øvste del av tabell 8.1 og 8.2 står den krysskopla totale utgifta for kvart kapittel. For å konvertere denne utgifta til kor mykje kvart kapittel faktisk betalar for egne og andre sine årsverk, trengs altså ei kapittelvandringssmatrise. Kapittelvandringssmatriser er oppsummerte i vedlegg F og er i tabell 8.1 nytta for å nulle kapittelvandringa, slik at tala kan nyttast til dømes til analyser på kapitteinivå (der ein i tillegg eventuelt må justere for utgifter knytt til kapittel 1070 og 1792, sjå kapittel 5.2).

I tabell 8.1 betalar til dømes kapittel 1719 ut 92,706 millionar kroner til årsverk under egne og andre kapittel. I dei neste kolonnane står kor mykje årsverka under kvart kapittel (kolonneoverskrifter) får utbetalt frå egne og andre kapittel (rader). Med andre ord betalar kapittel 1719 91,859 millionar kroner til årsverk under egne kapittel, årsverka får 184 000 kroner frå kapittel 1720, og så vidare. Legg dermed merke til at talet for krysskopling for eit kapittel i kolonne to er lik kolonnesummen for den kolonnen som inneheld kor mykje same kapittel får utbetalt til egne årsverk frå egne og andre kapittel. Summen i botnen av kolonne tre, 1719 si kolonne, er slik 92,706 millionar kroner, akkurat det same som står i rada for kapittel 1719 i kolonne 2. Summen frå kolonne tre og utover, til dømes 92,798 millionar kroner for kapittel 1719, viser kor mykje kapittelet totalt har betalt ut til egne og andre kapittel sine årsverk. Dette er det vi har kalla ”kopla løndata” i denne rapporten. Dersom ein skal rekne utgifter kun på kapitteinivå, ikkje for Forsvaret totalt, er det denne typen personellsats (krysskopla justert med kapittelvandringssmatrise = kopla løndata) ein bør nytte. Det vert ikkje produsert egne personellsatsar for dette (satsane for kopla løndata i figur 4.2 og 5.3 er laga spesielt for denne rapporten) per no. Kapittelvandringssmatrisene finst allereie, så det er mogeleg å rekne seg fram til satsane. I FFI sin langsiktige modell for å rekne strukturkostnader i Forsvaret, KOSTMOD, vert utgiftene automatisk plassert under rett kapittel nettopp ved å nytte denne typen kapittelvandringssmatriser (sjå Lillekvelland, 2014).

Basert på det som er skrivi i dette kapittelet kan vi gje følgjande anbefalingar:

1. Dersom formålet er å rekne utgifter for Forsvaret fleire år inn i framtida, bør ein nytte personellsatsane direkte. Det er for dette formålet dei opphavsleg vart utforma. Utgifter til norske styrker i utlandet og til kapittel under andre departement der Forsvaret har posteringsfullmakt kan deretter leggest inn i tillegg for så lang tid det er ambisjon om å nytte pengar til desse føremåla.
2. Dersom formålet er å rekne utgifter på kapitteinivå fleire år inn i framtida, bør ein nytte personellsatsane i kombinasjon med kapittelvandringssmatrisene. Ein vil då få gode estimat på kva kvart kapittel sin fredstidsstruktur vil koste. Deretter kan ein eventuelt legge til utgifter til deltaking i internasjonale operasjonar og til kapittel under andre departement separat.

	Krysskopling	1719	1720	1725	1731	1732	1733	1734
1719	92 706	91 859	353	260	87	17	24	171
1720	1 421 138	184	1 388 499	4 318	19 996	9 086	12 414	5 211
1725	1 032 475	383	4 342	1 010 551	7 594	4 961	4 886	1 042
1731	2 777 249	64	7 793	6 328	2 730 986	2 159	5 699	2 196
1732	1 567 174	172	4 557	6 798	3 277	1 542 830	1 983	633
1733	1 592 456	6	7 237	2 430	3 143	407	1 559 750	826
1734	364 263	0	2 051	1 246	3 570	1 265	817	352 942
